



## Fylkesmannen i Hordaland

Saksbehandler, telefon  
Stein Byrkjeland, 5557 21142114

Vår dato  
28.02.2018  
Deres dato  
30.11.2017

Vår referanse  
2017/14693 462.2  
Deres referanse

Luftfartstilsynet

### Tilleggsuttale til søknad om konsesjon for landingsplass for helikopter i Simadal i Eidfjord kommune

Vi viser til høyring av søknad om konsesjon for landingsplass for helikopter i Simadal dagsett 30. november 2017, og til vår uttale datert 7. februar 2018. Høyringsfristen er utsett frå 20. februar til 16. mars 2018.

#### Nærare om miljøtilhøva kring landingsplassen

I vår uttale av 7. februar 2018 har vi kommentert og vurdert miljøkonsekvensane knytt til forureining og naturmangfold for sjølve landingsplassen. Dette gjeld vurderinga av støyttilhøva. Det er særleg tilhøva kring landingsplassen som er omtalt i søknaden, og i dette avgrensa området er ikkje omsynet til eksisterande naturmangfold eit avgjerande tema. Vi har ikkje omtalt aktiviteten og støyen helikopteraktiviteten vil generere for områda der turistflyginga vil gå føre seg og Fylkesmannen sender difor ein tilleggsuttale.

Statkraft søker om 2200 flybevegelser årleg sett saman av ei vidareføring av helikoptertransport for Statkraft sin aktivitet knytt til vedlikehald og inspeksjon av kraftanlegg og linjenett, og helikoptertrafikk til turistformål. Søknaden inneholder ingen opplysningar om kven som skal stå for turisttrafikken, kva omfang den vil ha og kva områder som vil verte råka. Det er vedlagt ei kort miljøutredning som ikkje gjev eit tilfredsstillande kunnskapsgrunnlag om miljøkonsekvensane ved tiltaket. Normalt i slike saker er det ein ansvarleg søker for turistflyging.

#### Nærare om tiltaket etter plan- og bygningslova

I søknaden er det vist til at den nye bruken av eksisterande helikopterlandingsplass er i samsvar med gjeldande føresegner for Simadal næringspark i kommuneplanens arealdel.

Fylkesmannen er ikkje einig i at bruk av området til omfattande helikoptertrafikk for turistformål er dekket innanfor gjeldande arealformål og føresegner i kommuneplanen. Etter vår vurdering dreier det som om endra arealbruk ved ny type næringsverksemder som må vurderast som eit nytt tiltak, jf. § 1-6 i plan- og bygningslova. Oppgradering av landingsplassen til kommersiell turisttrafikk vil kunne krevje tiltak som bygningar og auka tryggleikstiltak. I § 1-6 andre ledd må slike tiltak ikkje vere i strid med gjeldande arealplan.

Eid fjord kommune som planstyresmakt må avklare om tiltaket krev endring av planformålet, krev reguleringsplan eller utløyser krav om konsekvensutgreiing. Etter vårt syn er søknaden ikkje tilstrekkeleg opplyst til å gjere vedtak i saka.

### **Nærare om naturmangfaldlova**

Dei instansar som fattar vedtak i ei slik sak må nødvendigvis vurdere tiltaket etter miljørettsprinsippa i §§ 8-12 i naturmangfaldlova og grunngje kvifor tiltaket vert rekna som akseptabelt etter desse prinsippa dersom det vert gjeve konsesjon. Det må ligge føre ein langt meir grundig vurdering av konsekvensane på naturmangfald og friluftsliv i hele det aktuelle influensområdet. Vedtak som gjeld naturmangfaldet skal byggje på eksisterande kunnskap, jf. § 8. Har ein ikkje tilstrekkeleg kunnskap skal føre-var prinsippet i § 9 vege tungt.

### **Nærare om naturmangfald og friluftsliv i eit større influensområde**

Ei sterke auke i helikoptertrafikken til og frå landingsplassen vil imidlertid kunne ha konsekvensar for naturmangfald og friluftsliv i eit influensområde langt utanfor sjølve landingsplassen. Det aktuelle influensområdet er ikkje definert, og dermed er det uråd for oss å vurdere den totale miljøbelastninga ved denne utvida aktiviteten. Vi reknar med at om trafikken vert omfattande, vert den lagt til definerte korridorer. I så fall er det viktig at også slike flykorridorer vert sendt på høyring, særleg dersom deler av trafikken skal tene andre brukargrupper enn rein nyttetransport i samband med Statkraft sin ordinære aktivitet.

### **Omsyn til verneområde i nærleiken**

Hardangervidda nasjonalpark ligg ikkje langt unna, og her gjelder forbod mot flyging lågare enn 300 meter, med mindre transporten har et lovleg unntak.

Også Hardangerjøkulen/Skaupsjøen landskapsvernombanen ligg i relativt kort avstand frå landingsplassen. Her er ikkje motorisert transport spesielt regulert etter verneforskrifta - med andre ord gjeld det ordinære regelverket om motorferdsel i utmark. Dette regelverket skal nyttast om man skal lande i området. Om omfattande turistflyging med helikopter hadde vore aktuelt då verneforskrifta vart utforma og godkjent i 1981, er det ikkje usannsynleg at dette hadde vore regulert som på Hardangervidda.

Fylkesmannen arbeidar med å utarbeide ein besøksstrategi for Hardangervidda nasjonalpark og dei tilhøyrande landskapsvernombanane. I dette arbeidet skal man utgreie kor trykket frå ulike former for ferdsel og annan bruk synes å være så stort at ytterlegare belastning ikkje er tilrådeleg, og kor tilrettelegging for ulike brukargrupper bør skje i framtida. Turistflyging med helikopter var ikkje en aktivitet vi så for oss måtte vurderast i denne samanhengen.

### **Konklusjon**

Fylkesmannen har ein klar forventning om at Luftfartstilsynet gjer dei vurderingar som er nødvendige for at konsekvensane av utvida kapasitet ikkje påfører naturmangfald, vilt, friluftsliv eller lokal busetnad uakseptabel belastning i nokon del av nærområdet eller det aktuelle influensområdet.

Vi har vurdert dokumentasjonen av støy for landingsplassen og støyutrekningane viser at ingen eksisterande bustader, fritidsbustader eller andre bygningar med støyfølsam bruksformål vert utsett for støy som overskrid anbefalte støygrenser gitt i støyretningslinene i landingsområdet i Simadalen, jf. vårt skriv av 7. februar 2018.

Eid fjord kommune må, dersom ein vil etablere reiselivsverksemeld slik det er søkt om, sørge for tilstrekkeleg planavklaring, og avklare kva konsekvensar ny arealbruk vil ha for miljø og samfunn, eventuelt gjennom ei konsekvensutredning.

Med helsing

Kjell Kvingedal  
miljøvernsjef

Stein Byrkjeland  
ass. miljøvernsjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Kopi til:  
Eid fjord kommune  
Hordaland fylkeskommune  
Luftfartstilsynet v/Finn O. Meling

Simadalsvegen 1 5783 Eid fjord  
Postboks 7900 5020 Bergen